



# KONKURRANSEGRUNNLAG

Open anbodskonkurranse  
etter FOA del I og III

for anskaffing av

**Rådgivande ingeniører**

# Innholdsliste

<b>1</b>	<b>OPPDRAKSGIVAR.....</b>	<b>4</b>
1.1	OM OPPDRAGSGIVAR .....	4
1.2	KONTAKTPERSON.....	4
<b>2</b>	<b>OM ANSKAFFINGA .....</b>	<b>4</b>
2.1	SKILDING AV LEVERANSEN .....	4
2.2	OMFANG OG KONTRAKT.....	5
2.3	KRAV TIL LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR .....	5
<b>3</b>	<b>KONKURRANSEDOKUMENTA.....</b>	<b>5</b>
3.1	OM INNDELINGA .....	5
3.2	DEL 1 - KONKURRANSEGRUNNLAG .....	5
3.3	DEL 2 - KONTRAKT MED BILAG .....	5
<b>4</b>	<b>KONKURRANSEGJENNOMFØRING .....</b>	<b>7</b>
4.1	KUNNGJERING.....	7
4.2	ANSKAFFINGSPROSEDYRE .....	7
4.3	FRAMDRIFTSPLAN .....	7
4.4	SPRÅK .....	7
4.5	KOMMUNIKASJON .....	8
4.6	TILBYDAREN SINE DELTAKINGSKOSTNADAR .....	8
4.7	SPØRSMÅL TIL KONKURRANSEGRUNNLAGET .....	8
4.8	OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET.....	8
4.9	ALTERNATIVE TILBOD.....	8
4.10	DELTILBOD /DELLEVERANSAR .....	8
4.11	PARALLELE TILBOD.....	9
4.12	AVVIK.....	9
4.13	SKATTEATTEST.....	9
<b>5</b>	<b>KONFIDENSIALITET OG INNSYN.....</b>	<b>9</b>
5.1	KONFIDENSIALITET .....	9
5.2	INNSYN.....	9
<b>6</b>	<b>DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) .....</b>	<b>10</b>
6.1	GENERELT OM ESPD.....	10
6.2	NASJONALE AVVISINGSGRUNNAR .....	10
6.3	SAMLA OPPGIVING FOR ALLE KVALIFIKASJONSKRAV I ESPD-SKJEMAET .....	10
<b>7</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV .....</b>	<b>11</b>
7.1	OM KVALIFIKASJONSKRAVA .....	11
7.2	KRAV TIL ORGANISATORISK OG JURIDISK STILLING .....	11
7.3	KRAV TIL ØKONOMISK OG FINANSIELL KAPASITET .....	11
7.4	KRAV TIL TEKNISK OG FAGLEGE KVALIFIKASJONAR .....	11
7.5	BRUK AV UNDERLEVERANDØRAR/SAMARBEIDSPARTNARAR .....	12

---

<b>8</b>	<b>TILDELINGSKRITERIUM OG EVALUERING .....</b>	<b>12</b>
8.1	TILDELINGSKRITERIUM .....	12
8.2	EVALUERING AV PRIS .....	14
8.3	EVALUERING AV KVALITET .....	14
<b>9</b>	<b>INNLEVERING AV TILBOD .....</b>	<b>14</b>
9.1	UTFORMING AV TILBOD .....	14
<b>10</b>	<b>AVSLUTNING AV KONKURRANSEN.....</b>	<b>15</b>
10.1	AVVISING AV TILBOD .....	15
10.2	AVLYSING AV KONKURRANSEN.....	15
10.3	MELDING OM VAL AV LEVERANDØR.....	15
10.4	KLAGE .....	15

# 1 Oppdragsgivar

## 1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivar for anskaffinga er Øygarden kommune. Sjå <https://www.oygarden.kommune.no/> for ytterlegare informasjon.

Anskaffinga er administrert av Odin Prosjekt AS på vegne av oppdragsgivar.

## 1.2 Kontaktperson

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

<b>NAVN:</b>	Linn Marie Rian
<b>STILLING:</b>	Ekstern rådgjevar
<b>E-POST:</b>	<a href="mailto:linn@odinprosjekt.no">linn@odinprosjekt.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen i kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

# 2 Om anskaffinga

## 2.1 Skildring av leveransen

Formålet med anskaffinga er å inngå kontrakt for ein prosjekteringsgruppe som skal utføre følgande arbeider:

Leveransar	Kommentar
Planregulering Bildøyna	Del av leveranse
Skisseprosjekt ny Fjell ungdomsskule og midlertidig tilleggsareal dagens Fjell ungdomsskule	Del av leveranse
Forprosjekt ny Fjell ungdomsskule	Opsjon
Tiltransport av ARK, LARK og/eller IARK	Opsjon
Bistand frå ITB-ansvarleg i byggefase og garantifase	Opsjon

Prosjekteringa og planreguleringa skal utførast i parallelle prosesser.

Det skal leverast komplett prosjekteringsgruppe som er naudsynt for å foreta arbeida som nemnd.

Oppdragsgivar har ein opsjon på å tiltransportere ARK, LARK og/eller IARK til entreprenør. Oppdragsgivar har òg opsjon på å nytte ITB-ansvarleg som rådgivar i byggjefase og garantifase.

Heile prosjektet inkludert byggeperiode er planlagt ferdigstilt innan skulestart 2027.

For meir informasjon om leveransen, sjå bilag 1a, 1b og 1c.

## 2.2 Omfang og kontrakt

Oppdragsgivar skal inngå éin kontrakt for heile oppdraget.

NS 8401 vil nyttast som kontraktsvilkår med dei endringar og tillegg som er angjeve i oppdragsgivar sitt kontraktsgrunnlag. Arbeida vil honorerast etter medgått tid.

Estimert verdi for skisseprosjekt, forprosjekt og planarbeid er 13 MNOK ekskl. mva. Eventuell tiltransport er ikkje inkludert i estimatet.

Estimert omfang er basert på forventa behov, og er ikkje bindande for oppdragsgivar.

## 2.3 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjoner i samsvar med forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter.

# 3 Konkurransedokumenta

## 3.1 Om inndelinga

Konkurransesgrunnlaget er delt i to delar. Del 1 inneheld dokumenter knytt til gjennomføring av konkurransen og som skal nyttast under tilbodsgjeving. Del 2 inneheld kontrakt med vedlegg.

## 3.2 Del 1 - Konkurransesgrunnlag

Vedlegg	Inneheld
	Konkurransesgrunnlag (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Tilbodsbrev
Vedlegg 2	Tilbydars avvik
Vedlegg 3	Eigenerklæring teieplikt
Vedlegg 4	Forpliktingserklæring
Vedlegg 5	Referanseskjema for firma_kvalifikasjonskrav

## 3.3 Del 2 - Kontrakt med bilag

Bilag	Inneheld
	Avtaledokument NS 8401
Bilag 1a	Oppdragsskildring prosjektering
Bilag 1b	Oppdragsskildring planarbeid

---

Bilag 1c	Felles krav for prosjektering og planarbeid
Bilag 2	Leverandøren sin løysingskildring
Bilag 2a	CV- og referanseskjema for PGL, ARK og LARK_tildelingskriterium
Bilag 2b	CV- og referanseskjema for prosessleiar areal og plan_tildelingskriterium
Bilag 3	Prisskjema
Bilag 4	Endringar etter avtaleinngåinga
Bilag 5	NS 8401 (ikkje lagt ved konkurransegrunnlaget)

## 4 Konkurransgjennomføring

### 4.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt for kunngjering i DOFFIN-databasen ([www.doffin.no](http://www.doffin.no)) og TED-databasen ([ted.europa.eu](http://ted.europa.eu)) gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) Mercell.

### 4.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbuds konkurranse, jf. FOA § 13-1 (1).

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er følgeleg ikkje høve til å endre tilbodet etter tilbodsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avisast etter FOA § 24-8 (1) bokstav b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. FOA § 24-8 (2) bokstav a.

Leverandøren blir derfor på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt til kontaktperson.

### 4.3 Framdriftsplan

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering	05.05.2023
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	05.06.2023 kl. 12.00
<b>Innleveringsfrist tilbod</b>	<b>14.06.2023 kl. 12.00</b>
Tilbodsevaluering	Uke 24-25
Kontraktstildeling	26.06.2023
Karensperiode	10 dagar
Kontraktssignering	Uke 27
Vedståingsfrist for tilbodet	3 md. frå innleveringsfrist

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

### 4.4 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal i hovudsak gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelda i gjennomføringa av avtalen.

## 4.5 Kommunikasjon

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Mercell-portalen. Dette for at all kommunikasjon skal loggførast. Når du er inne på konkurransen skal du velje fanebladet «Kommunikasjon». Klikk deretter på ikonet "Ny melding" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgivar og trykk på "Send".

Oppdragsgivar får så meldinga di. Viss spørsmålet gjeld alle tilbydarar vil oppdragsgivar svara på dette anonymisert ved å gi svaret som ein tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet «Kommunikasjon» og deretter under fanebladet «Tilleggsinformasjon». Du vil òg få ein e-post med ein link til tilleggsinformasjonen.

## 4.6 Tilbydaren sine deltakingskostnader

Kostnader som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgivar til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgivar i økonomiske forpliktingar.

## 4.7 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 4.3.

Spørsmål skal sendast skriftleg via Mercell.

Alle spørsmål vil bli svart på i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle som har registrert interesse for konkurransen i Mercell i god tid før utløpet av tilbudsfristen.

## 4.8 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell.

## 4.9 Alternative tilbod

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen/alternative løysingar i forhold til løysingar som konkurransegrunnlag leggjer opp til.

## 4.10 Deltilbod / delleveransar

Det vil ikkje opnast for levering av deltilbod/ delleveransar. Oppdragsgivar skal inngå éin kontrakt for heile oppdraget. Leverandøren må dermed levere tilbod på komplett prosjekteringsgruppe.



## 4.11 Parallele tilbod

Det vil ikkje opnast for levering av parallele tilbod i konkurransen.

## 4.12 Avvik

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå konkurransegrunnlag og/eller kontrakt vil bli avvist.

Atterhald og avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgivar kan evaluera tilbodet utan å ta kontakt med tilbydaren. Dersom atterhaldet ikkje lar seg kostnadsberekna vil det kunne føre til at tilbodet blir avvist. Avvik skal listast i eigen mal – Tilbydars avvik, jf. del 1 vedlegg 2.

## 4.13 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

# 5 Konfidensialitet og innsyn

## 5.1 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan etter samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova, sjå pkt. 5.2 nedanfor.

## 5.2 Innsyn

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levera ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signera eigenerklæring på at oppdragsgivar er fritatt frå teieplikt i forhold til opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren si opplisting, jf. del 1 vedlegg 3.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgivar gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av om opplysningane tilbydaren har lista opp er av en slik art at oppdragsgivar pliktar å nekta innsyn, jf. offentleglova § 29.

## 6 Det europeiske eignerklæringskjemaet (ESPD)

### 6.1 Generelt om ESPD

Som en førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt og at det ikkje finnast avvissingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut ESPD-skjema integrert i Mercell. Dette vert levert elektronisk i Mercell saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfylting av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgivar kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen be leverandøren levere alle eller deler av dokumentasjonsbevisa dersom det er naudsynt for å sikre at konkurransen vert gjennomført på riktig måte.

Dersom tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylting av kvalifikasjonskrav skal det også leverast ESPD-skjema for kvar enkelt underleverandør/ samarbeidspartner jf. FOA § 17-1 (6).

### 6.2 Nasjonale avvissingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvissingsgrunner, seksjon D: «Andre avvissingsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivarens medlemsstat». Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvissingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardkjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvissingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvissingsgrunnane. Følgjande av avvissingsgrunnane i FOA § 24-2 er reint nasjonale avvissingsgrunnar:

- § 24-2 (2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei nemnde strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei nemnde strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- § 24-2 (3) bokstav i. Avvissingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvissingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

### 6.3 Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gi ei samla erklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette gjer ein i del IV seksjon a i ESPD-skjemaet.

## 7 Kvalifikasjonskrav

### 7.1 Om kvalifikasjonskrava

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglande oppfyljing av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising frå konkurransen.

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

### 7.2 Krav til organisatorisk og juridisk stilling

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal vere registrert i et foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske tilbydarar: <ul style="list-style-type: none"> <li>Firmaattest.</li> </ul> Utanlandske tilbydarar: <ul style="list-style-type: none"> <li>Stadfesting på at tilbydaren er registrert i et foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i samsvar med lovgjevinga i det landet kor tilbydaren er etablert.</li> </ul>

### 7.3 Krav til økonomisk og finansiell kapasitet

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle avtalen.  Påkrevd økonomisk kapasitet vurderes i forhold til avtalens verdi, ytelse, risiko og varighet.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna, herunder for eksempel ved ein morselskapsgaranti, bankgaranti, mv.

### 7.4 Krav til teknisk og faglege kvalifikasjonar

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha god erfaring frå samanliknbare oppdrag i løpet av dei siste 3 åra.  I kravet til at leverandøren skal ha god erfaring	Skildring av dei mest relevante oppdraga frå leverandøren i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere informasjon om verdien av oppdraget, tidspunkt og mottakar.

frå samanliknbare oppdrag ligg det eit krav til at leverandøren skal vise erfaring med: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Prosjektering av skule- /undervisningsbygg, og</li> <li>2. Regulering/planarbeid</li> </ol>	Leverandøren skal nytte referanseskjema i vedlegg 5.
Leverandøren skal ha gode rutinar for kvalitetsstyring.	Dokumentasjon skal gis på ein av følgande måtar:  Alternativ 1: Skildring av firmaets rutinar for kvalitetsstyring, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, leders ansvar og kontinuerleg analyse og forbetring.  Alternativ 2: Om leverandør har ISO 9001:2000 sertifikat eller tilsvarande, kan dette leggast ved.

## 7.5 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Dersom tilbydaren ynskjer å støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og/eller tekniske og faglege kvalifikasjonar, skal tilbodet innehalde naudsynt dokumentasjon frå underleverandøren/samarbeidspartnaren.

Type dokumentasjon frå underleverandør	Kommentar
Forplikingserklæring / samarbeidsavtale (signert) som bekreftar at tilbydaren vil ha råderett over dei naudsynte ressursane, jf. FOA § 16-10 (2).	Sjå mal i vedlegg 4.
Dokumentasjon frå underleverandøren på oppfylling av dei kvalifikasjonskrav tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle	Gjelder berre dei kvalifikasjonskrav som tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle relatert til økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjonar
ESPD-skjema frå underleverandør (oppsett i Mercell)	Sjå pkt. 6.1 Gjelder berre viss tilbydar ønskjer å støtte seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylling av kvalifikasjonskrav

## 8 Tildelingskriterium og evaluering

### 8.1 Tildelingskriterium

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

TILDELINGSKRITERIUM	DOKUMENTASJON	VEKT
---------------------	---------------	------

<p><b>Pris</b></p> <p>Vurderinga av pris omfattar honorarbudsjettt for skisseprosjekt, forprosjekt (opsjon) og planarbeid.</p>	<p>Utfylt prisbilag, jf. bilag 3.</p>	<p>40 %</p>
<p><b>Kvalitet</b></p> <p>Vurderinga av kvalitet vil vere todelt:</p> <p>1) <b>Kompetansen og erfaringa</b> til:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Prosjekteringsgruppeleiar (PGL),</li> <li>b. Arkitekt (ARK),</li> <li>c. Landskapsarkitekt (LARK) og</li> <li>d. Prosessleiar for areal og plan</li> </ol> <p>For PGL vil det særleg telje positivt med tverrfagleg erfaring.</p> <p>For ARK og LARK vil det særleg telje positivt med erfaring frå skule-/ undervisningsbygg, i sær ungdomsskulebygg.</p> <p>For LARK vil det også telje positivt med erfaring frå større planprosessar.</p> <p>For prosessleiar for areal og plan vil det særleg telje positivt med erfaring med å lede større planprosessar med transformasjon.</p> <p>2) <b>Oppgåveforståing</b> for skisseprosjekt, forprosjekt og planarbeid som omfattar ein skildring av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis tilbydaren forstår og planlegg å utføre oppdraget. Mellom anna korleis leverandøren ser for seg å løyse planarbeid og prosjektering parallelt.</li> <li>• Forhold som tilbydaren ser som sentrale for prosjektering av ungdomsskulebygg.</li> <li>• Realistisk framdriftsplan: Skissering av framdrift for prosjektering og planarbeid opp mot oppdragsgivar sin overordna framdriftsplan for prosjektet (sjå bilag 1a kapittel C1). Mellom anna når og kor hyppig ein ser for seg prosjekterings- og brukarmøter.</li> <li>• Korleis tilbydaren vil kommunisere med og involvera oppdragsgivar og brukarar, både i</li> </ul>	<p>1) Utfylt CV- og referanseskjema for nemnde ressursar, inkludert inntil 3 av ressursane sine relevante prosjekt frå dei siste åtte åra.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Utfylt bilag 2a for PGL, ARK og LARK</li> <li>b. Utfylt bilag 2b for prosessleiar for areal og plan</li> </ol> <p>2) Oppgåveforståing, skrivast inn i bilag 2.</p>	<p>60 %</p>

prosjekteringa og i planarbeidet.		
-----------------------------------	--	--

## 8.2 Evaluering av pris

Evalueringa vil gjerast etter fylgjande modell for prisevalueringa:

Modell	Forklaring	Valgt
Lineær	Beste pris tildelast 10 poeng. Beste pris * 2 eller høgare tildelast 0 poeng.	<input checked="" type="checkbox"/>
Forholdsmessig	Ikkje-lineær modell der 10 = beste pris Dei andre tilboda tildelast poeng ut frå relativt avvik frå beste pris.	<input type="checkbox"/>
Hybrid	Lineær modell, med knekkpunkt på 2,5 poeng. Beste pris får 10 poeng.  Eks. Den som er 75 % høgare enn beste pris får 2,5 poeng. Pris over 75 % høgare enn beste pris blir derfor fordelt på flatare skala mellom 2,5 og 0.	<input type="checkbox"/>

## 8.3 Evaluering av kvalitet

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon. Evalueringa vil skje slik at beste tilbod vil gis beste score, 10. Andre tilbod vil bli tildelt score etter relative avvik frå beste tilbod.

## 9 Innlevering av tilbod

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell, [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innan oppgjeven tilbodsfrist. Det er tilbydar sitt ansvar å sende inn tilbodet i tide. For seint innkomne tilbod vil bli avvist.

### 9.1 Utforming av tilbod

Tilbodet er eit uttømmmande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteriene.

Tilbydar er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrava, tildelingskriteria og andre krav i konkurransen svarast og dokumenterast.

Tilbodet skal som minimum inneheld elementa som er oppført under:

Dokument	Innheld	Mal/vedlegg
<b>Tilbodsbrief</b>	Tilbodsbrief med forpliktande signatur	Vedlegg 1
<b>Tilbydars avvik</b> <i>Dersom tilbodet inneheld avvik frå konkurransegrunnlaget inkl.</i>	Eventuelle avvik frå konkurransegrunnlaget inkl. kontrakt	Vedlegg 2

<i>kontrakt</i>		
<b>Eigenerklæring teieplikt</b>	Teiepliktige opplysningar	Vedlegg 3
<b>Forpliktingserklæring</b> <i>Dersom tilbydaren støttar seg på underleverandør for oppfylting av kvalifikasjonskrav</i>	Forpliktingserklæring frå underleverandør som bekreftar at tilbydar vil ha råderett over de naudsynte ressursane	Vedlegg 4
<b>ESPD</b>	Utfylt ESPD	Oppsett i Mercell
<b>ESPD – underleverandør</b> <i>Dersom tilbydaren støttar seg på underleverandør for oppfylting av kvalifikasjonskrav</i>	Utfylt ESPD	Oppsett i Mercell
<b>Kvalifikasjonskrav</b>	Etterspurd dokumentasjon på oppfylting av kvalifikasjonskrav	Vedlegg 5 og leverandørens egne dokument
<b>Tildelingskriteriet pris</b>	Utfylte prisar	Bilag 3
<b>Tildelingskriteriet kvalitet</b>	Svar på tildelingskriteriet kvalitet	Bilag 2, bilag 2a og bilag 2b

## 10 Avslutning av konkurransen

### 10.1 Avvising av tilbod

Tilbydaren oppfordrast til å gjere seg kjent med avvisningsreglane i FOA kapittel 24.

### 10.2 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivar kan avlyse konkurransen eller forkaste alle tilbod, dersom det føreligg sakleg grunn, jf. FOA § 25-4.

### 10.3 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle involverte tilbydarar informerast skriftleg om dette.

Melding vil innehalde namn på kven som er tildelt avtala samt ei utgreiing av det valte tilbodets eigenskapar og relative fordeler i samsvar med angjevne tildelingskriteria, jf. FOA § 25-1.

Melding vil også angi tidspunkt for utløp av karenperioden.

### 10.4 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør. Dersom oppdragsgivar finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsavgjerda annullerast frem til avtala er signert.